

## PROGRAM >

### kl 10.30-11.00 :

Opp tog frå parken på Fagernes og til museet  
Parker bilen på den gamle idrettsplassen og finn deg ein plass i toget!

### kl 11.00 :

Bodane og matserveringa opnar

### kl 11.30 :

Opning av landbruksdagen i amfiet på museet  
Opningshelsing v/Kirsten Inga Kamrud  
Song av Marit Mattisgard, dansegruppe frå Valdres vidaregåande skule.  
Utdeling av landbruksprisen for Valdres  
Kalveparade

### kl 12.00-15.00 :

Utstillingar og aktivitetar

- orientering om Valdres natur- og kulturpark i Slidrehuset
- kulturlandskapsbilete i Slidrehuset
- utstilling om det gamle Valdresfeet
- ulike aktivitetar for barn ved Dalestogo, Flatigard og Kvie

### kl 13.00 :

Innlegg om Valdres natur- og kulturpark v/leiar i utviklingsstyret,  
Eivind Brenna i amfiet

### kl 13.30 :

Gjetarhundoppvisning oppe ved stølsområdet.

### kl 14.00 :

Offentleggjering av kudømminga og premiering av dei beste kyrne v/  
Hans Storlien Geno, på museumspllassen

### kl 14.45 :

Gjetarhundoppvisning oppe ved stølsområdet

### kl 15.00 :

"Stølsriket Valdres", historisk spel som blir vist oppe ved stølen på  
museet v/Valdres teater.

### kl 16.00: Slutt

**Inngang:** Vaksne kr 50,-. Barn under 16 år kr 20,-, under 3 år gratis.

**Arrangørar:** Bondelaga i Valdres, bonde- og småbrukarlaga i Valdres,  
skogeigarlaga i Valdres, produsentlaga i Valdres, sau- og geitalslaga i  
Valdres, bygdekvinnelaga i Valdres og Valdres forsøksring. I samarbeid  
med: Tine rådgiving og medlem, Fylkesmannen i Oppland, Valdres natur-  
og kulturpark, Destinasjon Valdres og Valdres folkemuseum.

Kreativ Strøk - Trykk. Hallingdal Trykk AS

### Sekretariat:

Valdres forsøksring, Volbu, 2940 Heggernes, tlf. 61 34 29 80

### Hovudsponsorar:



Arrangementet er støttet av Landbruks- og matdepartementet.

Framsidetekning : Marit Ødegården



Faglag og andre organisasjonar innan  
landbruket i Valdres inviterer til

# LANDBRUKSDAGEN I VALDRES

**Valdres folkemuseum, Fagernes  
Laurdag 1. september 2007**



## LANDBRUKSDAGEN

Landbruksdagen er ein møteplass for landbruket i Valdres. Her kan bygdefolk og gjester få sjå, smake og oppleva kva Valdres-landbruket har å by på.

### Fesjå

Det blir fesjå med storfe, sau og geit. Det vil bli utstilling av NRF-kyr og kyr av gamle rasar. Kyndige dommarar vurderer og premierer kyrne. Det blir utstilling av sauer og geiter og demonstrasjon av hest brukt i ulike typar arbeid. Her blir det høve til fagprat om dyr og dyrehald.

### Kalveparade

Born vil vise fram og gå i parade med leikne og viltre kalvar. Det ligg mange treningsstimar til grunn for å få kalven til å gå roleg og pent.

### Gjetarhundoppvisning

Det er imponerande å sjå korleis ein dyktig gjetarhund samlar og leier saueflokkene dit den skal. Oppvisning v/ Valdres gjetarhundlag.

### Aktivitetar for born

Landbruksdagen er eit arrangement der heile familien skal trivast og kose seg. Kontakt med dyr, ridning, hopping i høyet, spikking, baking av lumper og köyring med trøtraktorar er aktivitetar spesielt lagt til rette for borna.

### Kulturlandskap i endring

Nils Rogn har samla inn gamle biletar frå Valdres og tatt biletar frå same stad i nyare tid som viser endringane i kulturlandskapet. Det vil også bli vist biletar frå den nasjonale utstillinga "Tilbakeblikk - norske landskap i endring".

### Valdres natur- og kulturpark

Dei seks Valdreskommunane har gått saman om å danne "Valdres natur- og kulturpark". På landbruksdagen vil det vere orientering og ei utstilling om kva natur- og kulturparken skal dreie seg om.

### Historisk spel

På oppdrag frå landbruksdagen har Gudbjørg Fønhus Stensrud, Kirsten Inga Kamrud og Sigfred Hovda skrive eit historisk spel om stølsdrift i Valdres i ulike tidsepokar. Valdres teater vil vise spellet.

### Marknadsgate

Det blir marknadsgate med demonstrasjon og sal av landbruksprodukt og andre lokale produkt. Her finn du tradisjonsmat, nyskapande mat, lokal mat og økologiske produkt.

### Fagprat

Landbruksorganisasjonane i Valdres har eigne bodar der dei informerer om aktivitetene sin og er opne for innspel og meiningsutvekslingar. Samvirkeorganisasjonane og maskinforhandlarar orienterer om sin aktivitet og sine tilbod.

